


MODERAT/HØG INTENSIV LEIK



# TRAFIKK- HINDERLØYPE



# TRAFIKK- HINDERLØYPE

## Hensikt

I denne leiken får barna motoriske utfordringar og er i aktivitet med moderat og høg intensitet, samstundes som dei lærar grunnleggjande reglar i trafikken.

## Utstyr

Rockeringar/motorikkskiver eller anna som kan vere ratt

Trafikkskilt

Hindringar (t.d. kjepler, benker, fast utstyr på uteområdet i barnehagen)

## Forklaring

1. Lag til ei trafikkløype som barna kan vere trafikantar i. Utforminga av løypa kan fokusere på å springe med høg intensitet, eller ein kan leggje til hinder som utfordrar motoriske ferdigheiter. Bruk gjerne uteområdet i barnehagen, der t.d. sykkelløypa, sandkassekanten, grasbakken eller andre element er del av løypa.
2. Barna kan anten springe med eller utan ratt.
3. Legg til hinder med skilt som ein ynskjer barna skal læra. T.d. marker gangfelt der bilane/bussane må stoppe, kjepler som viser kvar løypa går osb.

## Tips

- Barna kan også køyre buss, der enkelte av barna er bussar ved å ha ein rockering rundt livet sitt. Passasjerane venter på buss-stoppa og hopper på bussen ved å halde i rockeringen. Her må barna samarbeide gjennom løypa.
- Barna må også gjerne oppfordrast til å vere ulike typar køyretøy og dei må gjerne lage lyd.

## Variasjon

- Ta barna med på å utvikle/vidareutvikle trafikkløypa, dei har mange gode idéar.